



Hordabø Idrettslag  
Radøyvegen 2975  
5937 BØVÅGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/415 - 15/2432

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:  
02.03.2015

## **Byggesak Gnr 24/61, 20 Bø - Kunstgrasbane - søknad om igangsetjingsløyve - godkjenning**

Delegasjonssak nr.: 048/2015

Deleget vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

<b>Adresse</b>	:	<b>Radøyvegen 2795</b>
<b>Tiltakshavar</b>	:	Hordabø Idrettslag
<b>Ansvarleg søker</b>	:	Arkoconsult as
<b>Søknadstype</b>	:	Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett - igangsetjingsløyve

### **Saksutgreiing:**

#### **Tiltak**

Det er i sak 345/13, datert 13.11.2013 gjeve rammeløyve for etablering av kunstgrasbane på eigedom gnr. 24, bnr. 61,20 Bø.

Det vert no søkt om igangsetjingsløyve for heile tiltaket. Det vert elles vist til søknad mottatt 26.02.2015.

#### **Ulovleg tiltak**

Radøy kommune er kjent med at sprengingsarbeid er utført utan at det ligg føre igangsetjingsløyve eller at det ligg føre godkjent ansvarsrett. Dette er medelt ansvarleg søker og utførande entreprenør og arbeida er stoppa fram til det ligg føre igangsetjingsløyve.

Radøy kommune vurderer at sprengingsarbeida er utført som eit ulovleg tiltak.

## **Planstatus**

Eigedomen ligg delvis i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som idrettsanlegg. Om lag halvparten av kunstgrasbana er søkt plassert i eit område som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

## **Dispensasjon**

Det er i sak 096/13, datert 13.11.13. gjeve dispensasjon med slikt vedtak:

*Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av kunstgrasbane som omsøkt på følgjande vilkår:*

1. *Kunstgrasbana skal plasserast inn i terrenget og høgde mot vassdrag skal ikkje råkast.*
2. *Søknad om løyve til tiltak og situasjonsplan må vise parkeringsplass som har tilstrekkeleg kapasitet til idrettsanlegget.*
3. *Tiltakshavar plikter å ivareta at landskapet kring kunstgrasbana ikkje vert påført skade i anleggsperioden. Naturleg vegetasjon skal i størst mogleg grad takast vare på, og eventuelle sår i landskapet skal avbøtast. Skjeringar skal utførast som jordslott skråning, og skal sikrast.*
4. *Det er tiltakshavar sitt ansvar å syte for naudsynt sikring som tek i vare bruk av tilgrensande LNF område i samsvar med føremålet, mellom anna gjerdeplikt.*
5. *I samsvar med uttale frå Hordaland Fylkeskommune må tiltakshavar vere aktsam i samband med anleggsarbeidet, og melde i frå om ein finn automatisk freda kulturminne på eigedomen/i grunnen.*

*Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.*

*Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova § 19-2, jf..§ 11-6, samt naturmangfaldslova §§ 8–12.*

## **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. i søknad om rammeløyve datert 23.09.13. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo

## **Plassering**

Det er søkt om planeringshøgde på ca. kote + 24 til + 24,5.

Plassering er vist i situasjonsplan datert 07.11.13. Avstand til nabogrense er opplyst å vere 38 meter. Eigar av gnr. 24 bnr. 3 har den 19.09.13 og eigar av gnr. 24 bnr. 20 har den 20.09.13, samtykka til at tiltaket kan utførast deira eigedom.

## **Vatn og avløp (VA)**

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avløp i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

## **Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg via privat veg i samsvar med plan- og bygningslova § 27-4.

Situasjonsplanen viser oppstillingsplass for 100 bilar. 5 av plassane er sett av til parkering for rørslehemma.

## **Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser uteoppholdsareal, gangtilkomst, parkering og avkjørsle  
Teikningar/snitt viser eksisterande og nytt terreng, og plassering i høve terreng.

## **Visuelle kvaliteter**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehør gode visuelle kvaliteter både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

## **Flom, skred og andre natur- og miljøforhold**

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## **Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med Forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK10).

## **VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:**

### **Naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert omsøkt tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg veklagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).

Ein finn ikkje at omsøkt tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Arkoconsult as**, org.nr. 997 089 782 har i rammløyve fått ansvarsrett som ansvarlig søker (SØK).

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arkoconsult as**, org.nr. 997 089 782 har i rammeløyve fått ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering arkitektonisk utforming og brukbarhet.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Arkoconsult as**, org.nr. 997 089 782 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering grunn- og terrenigarbeid heile tiltaket.

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Entreprenør Bjørn Dale AS**, org.nr. 987 814 128 har søkt ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring grunn- og terrenigarbeid heile tiltaket.

Føretaket har ikke sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Føretaket har lagt frem organisasjonsplan og dokumentasjon av kompetanse som etter kommunen sin vurdering synliggjør naudsynt kompetanse i høve tiltaket, og gjev grunnlag for lokalgodkjenning for UTF.

Kommunen legg til grunn at det er føretaket som no har søkt ansvarsrett som også allereie har utført arbeidet. At føretaket har utført arbeidet utan prosjekteringsgrunnlag og utan at dei er tildelt ansvarsrett viser at det er ein svikt i føretaket sitt system. Føretaket må registrere avvik i sitt system og treffe tiltak som hindrar gjentaking.

#### **Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.02.15 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf.. SAK 10 § 7-2 er 3veker frå denne dato.

#### **Vedtak:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1a vert det GODKJENT søknad om IGANGSETJINGSLØYVE som omsøkt for etablering av kunstgrasbane på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnehene føre løyet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Tiltaket får tilkomst til offentleg veg via privat veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast definert og trafikksikker, og i samsvar med godkjent situasjonsplan datert 07.11.13.
5. Vilkår sette i jordlovshandsaminga sak 097/13 og dispensasjonssaka 096/13 skal fortsatt gjelde.
6. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:
  1. Faktisk plassering av tiltaket må vere innmålt, og koordinatar sendt kommunen.

**Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) vert det GODKJENT ANSVARSRETTAR for:**

FØRETAK      L/S \*      FUNKSJON      TILT.KL. ANSVARSOMRÅDE

FØRETAK	L/S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVARSOMRÅDE
<b>Arkoconsult as, org.nr. 997089782</b>	S	PRO	1	Prosjektering grunn- og terregnarbeid heile tiltaket.
<b>Entreprenør Bjørn Dale AS, org.nr. 987 814 128</b>	L	UTF	1	Utføring grunn- og terregnarbeid heile tiltaket.

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

## **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

## **Gebyr**

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.8	Delt sakshandsaming	kr	2 700
Kode 11.2.7	Lokal godkjenning av ansvarsrett, kr 810 x 1 stk	kr	810
Kode 12.1.1	Avdekking/påvising av ulovleg tiltak	kr	<u>2 700</u>
Totalsum		kr	6 210

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjette ledd.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegne gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søker seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søker stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsredegjering skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det gjenstår mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere gjenståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillende tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

**Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.**

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 15/415

**Klage:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Hordabø Idrettslag

Radøyvegen 2975 5937

BØVÅGEN